



Vinje Løypelag

Org.nr: 994 883 577

For å driva laget og løypenettet er vi avhengig av å få inn kontingent / tilskot av deg som brukar løypenettet. Tilskot gjev du etter eige ynskje. Om du vil vera medlem kostar det kr 300 for 2012. Vinje Løypelag Kontonr.: 1503 09 46429

Som veldeidig organisasjon er vi registrert i Frivillighetsregisteret i Brønnøysund, og dermed deltek vi i Grasrotdeleordninga til Norsk Tipping.

Ta med deg organisasjonsnummeret vårt til kommisjonæren og vel oss som din grasrotmottakar.

Informasjon om løypenettet og oppkjøring finn de på heimesida vår: www.vinjeloypelag.no

Minner om årsmøtet 20. januar 2012 kl 2000 på Breihjot.

Vi ynskjer alle ein god tur!

Saksliste.

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
3. Rekneskap og årsmelding
4. Årskontingent.
- 5 Val.

Rekneskaps-samandrag for Vinje Løypelag 2011.

Inntekter		Utgifter	
Kontigent	20700,00	Graving Kåvsåe	8358,00
Støtte frå privatpersonar	3000,00	Diesel	6611,25
Norsk Tipping	4257,15	Vedlikehald dekk og belte	45703,50
Vinje Kommune		Domenekostnad	1743,75
		Lysingar	105,00
		Bank gebyr	18,00
		Avgift Brønnøysund	135,00
Renter	44,61		
Underskot	34672,74		
	62674,50		62674,50

Resultatet for 2011 syner at me har underskot med 34672,74. Me hadde von om å få tilskot frå kommunen i år òg, men det har ikkje kome endå og me veit ikkje kor stort det blir og ikkje når det kjem. Vedlikehaldet som me har hatt er nye belte (41656) og nye dekk (4047).

Me har ikkje betala noko for leige av maskin eller løn til dei som har køyrt løypa.

Brøyting av parkeringsplass ved Torvhesja er det heller ikkje betalt noko for.

Veten 2010-2011 har me køyrt 36 gonger. Køyringa starta ei veke seinare og slutta mest to veker tidlegare. Godt 100 timar løypekøyting blei det.

No i haust blei det lagt ned røyr i Kåvsåe ved Grunnevad. Me vonar dette vil gje oss høve til å krysse åe med mindre sno. Så stor vassføring som me hadde i jole er heilt uvanleg.

Me set stor pris på alle godord me har fenge om løypa og vonar de framleis vil stø opp om laget slik de har gjordt til no.

Til slutt vil me takke alle grunneigarene for den velvilje me har møtt.